

Ved avdukingi av Haakonsbautaen paa Folkenborg 24de juni 1905

(Tone: For Norge, kjempers fødeland)

*Paa gamle Folkingsborg eingong ein kongeson funnen,
som opp i landsens mand og trong av Sverres ætt var runnen
Det var ei tid sa rau' av blod,
ein kaldegufs av sjøen stod,
paa fjellet synte sloknad glød,
at varden ut var brunnen.*

*Daa kom han, Haakon Haakonsen med barneauge blanke
og gav oss som ei livsens vogn sin kongetanke
Eitt folk i heile Norges land,
fraa fjellet ned til sjø og strand,
fraa Agder til Hålogaland
det er norrøna-tanke!*

*Eitt enigt folk til fridom fødd skal Haralds rike vera!
Ein frilynd drott av eldhug glødd skal Norigs kruna bera!
Og vidt for Haakons kongenamn
Europa rundt fraa hamn til hamn,
og Norigs folk tok det i famn
og heldt det høgt i æra.*

*Og dette dyre navnet tarv me trutt i minnet gjøyma
Den draumen fedrar fekk i arv, no ut i liv kan strøyma
Og difor, prydd me blomekrans,
me reiser minnesteinen hans,
som gav til Norigs.*

*Ja, gjev vaart fagre fedreland i fridom fram maa bløma!
Gjev alle gamle trældoms band
som sky for sol maa røma!
Gjev Haakons kongetanke maa sin sigersgong kring landet gaa,
daa skal me hugheilt saman staa,
som det kan syskjen søma!*

